

## Tungt besøk på Rabben

26.05.2010

**Like sikkert som vårblomane kjem Cirkus Arnardo til Rabben Feriesenter. Det skjer fredag kveld og no spørst det: Blir teltet like fullt som i fjor?. Då kom det 1.500 og det var rett og slett ikkje plass til fleire.**

**I alle høve vert det ein tung opning, bokstaveleg tala. Dette året stiller sirkuset opp med tre elefantar-Baby, Mala og Jumbo. Dei veg tilsaman 12 tonn !**

Etter sesongopninga i Kristiansand skreiv Agderposten at balansekonst tydelegvis ikkje er noko som berre små og nette artistar artistar kan. Det er 21 år gamle Elvis Errani som styrer dei tre elefantane. Han har allereie vunne fleire internasjonale sirkuspriser. Og familien hans har tradisjonar heilt attende til 1800-talet.

Agderposten skreiv forresten at den som imponerte mest denne gongen var gummimannen Araz Hamzayes som tydelegvis manglar ledd i skuldre og bein og vrir armane i sirkclar som skal vera anatomisk umogeleg - faktisk heilt rundt !

Imponerte gjorde også Zeudy som liggande på tanken av ein tung motorsykkel sjonglerte rekvisittar av ulikt slag med beina sine.

Klovnane til Arnardo skal vera svært gode også i år. Men er verkeleg årets show det beste Arild Arnardo har sett saman, også betre enn det i fjor? Det er vanskeleg å tru det....

Av Ola Matti Mathisen